

Alver kommune
5918 Frekhaug



04.02.2022

Kommuneplan – samfunnsdel på høyring

Viser til godt informasjonsmøte på Frekhaug 02.02.2022. I plandokumentet er det omtalt mange gode vegval og målsettingar. Under hovudmål side 15 er det formulert målsetjingar i høve til disponering av strandsona i kommunen. Naturleg nok etter som det er mykje strandareal mot sjøen i Alver kommune. I denne samanheng saknar ein kanskje også målsetjingar for vassdraga i kommunen.

Det er mange relativt store vassdrag med store vatten i kommunen, korleis stiller ein seg til strandsoneproblematikken her? På Holsenøy har vi Rylandsvassdraget med fleire store vatten og eit nedbørdfelt på ca. 25 kvadratkilometer. Dette nedbørdfeltet utgjer meir enn $\frac{1}{4}$ av tidlegare Meland kommune sitt totale areal. Vassdraget med omkringliggjande areal har svært gode kvalitetar som naturområde og er kanskje det mest attraktive samanhengande område for friluftsaktivitetar og rekreasjon i tidlegare Meland kommune.

Det er gjort to vesentlege inngrep i vassdraget. Dette gjeld: Oppstemming av Rylandsvatnet og oppstemming mellom Bjørndalsvatnet og Rylandsvatnet som har vore til stor ulempe for naturmiljøet og grunneigarar i vassdraget. Viare har kommunen etablert eit nytt hovudinntak for det kommunale vassverket i Storavatnet utan at konsekvensane for grunneigarar og rettigkeitshavarar og elles narurmiljøet er nærmere utgreidd.

Dette som nokre merknader til plandokumentet som er på høyring.

Håper det vert vurdert i det viare arbeidet med plandokumentet.

Roald Bjørndal

Vedlegg: Kopi av lesarbrev til lokalavisene i 2019.